

Bli med på vinnarlaget!

Miljøpartiet Dei Grøne fossar fram på meiningsmålingane nasjonalt, og me nådde i dag ein historisk topp med 10,0 prosent på NRK/Aftenposten si måling. I Oslo er det nett no berre tre store parti, nemleg H, Ap og MDG, alle dei andre er for småparti å rekna.

Kva har så oppslutnaden i Oslo med lokalvalet i Kvinnherad å gjera, spør du kanskje? Ganske mykje faktisk.

Politikken vår er nemleg nett den same her som der, men i Oslo har MDG vore med og styrt i fire år no, saman med Ap og SV. At MDG har hatt ansvar for områda byutvikling, miljø og samferdsel, viser verkeleg att i landskapet. Folk liker det dei ser, og oppslutnaden går difor oppover tilsvarande.

Alle ser nemleg at no skjer det noko, og dei er svært nøgde med at det har blitt reinare luft, at trikken og T-banen går oftare enn før, at det er lettare å koma inn i barnehage, at det er fleire lærarar i skulen, og at det er langt færre bilar i sentrum. Så stemninga har blitt utruleg positiv.

Så kjempar MDG vidare for at Oslo skal bli verdas første utsleppsfrie by, i tillegg til å byggja 100 km med nye sykkelveggar, og å fjerna cruisebåtane frå sentrum. Ikkje rart at Oslo på rekordtid har blitt utnemnd som miljøhovudstaden i Europa.

I fjor haust var eg på eit landsmøte på Blindern i Oslo, møtet hadde ingen ting med politikk å gjera. Men etterpå var det ein 86 år gamal kar som ivrig inviterte meg med ned i sentrum, for at eg skulle få sjå kor flott alt var blitt i denne byen. Han sjølv budde i utkanten av Oslo, men no var det berre heilt fantastisk kor kjekt det var å gå rundt inne i sentrum, med blommar overalt, sitjeplassar, uterestaurantar, bilane var borte, og folkelivet hadde teke plass.

Ja, eg veit alt dette, sa eg, for eg er sjølv med i MDG, og eg kjenner til kva våre folk har fått i stand her inne. Du har verkeleg noko å vera stolt av, sa han.

Det MDG får til i Oslo har me i MDG Kvinnherad lyst til å få til her heime. Ikkje nett det same sjølv sagt, det er litt andre problemstillingar her. Men noko er likt, til dømes kampen mot plastforsøpling. Og generelt er tankane rundt dette med å gjera det triveleg for alle innbyggjarane nett dei same.

Stem difor gjerne på Miljøpartiet Dei Grøne denne gongen!

Arne Gjerde

Listekandidat MDG Kvinnherad